

TURLEIAR SI ROLLE OG ANSVAR

Turleiarar skal lede turar for DNT Gudbrandsdalen og ha basiskompetanse som sikrar tryggleik og trivsel for turdeltakarane. Samt stimulere til å drive eit enkelt, aktivt, trygt og miljøvennleg friluftsliv.

1. Turleiar si viktigaste oppgåve er å sørge for gruppa sin tryggleik og trivsel. Det krev at turleiar er i fysisk god nok form til å gjennomføre turen med overskot.
2. Turleiar representerer DNTG på turen, på hytter, overfor deltararane og andre som turfølgjet kjem i kontakt med.
3. DNT Gudbrandsdalen har forsikra turleiarane ved ulykke og ansvar. Turleiar må sjølv ordne med personleg reise- og ulykkesforsikring.
4. Turleiar skal alltid foreta ei sjekkliste for sikkerheit av turen på førehand. Turleiar, om mogleg i samråd med dagleg leiari, kan beslutte at turen ikkje skal gjennomførast etter programmet på grunn av for høg risiko.
5. Turleiar legg til rette og sørger for ei forsvarleg og triveleg gjennomføring av turen i samsvar med turbeskrivinga, så framt dette ikkje medfører særleg fare for deltararane p.g.a. uvær, rasfare, uventa hendingar eller skader blant gruppa sine deltarar/turleiar(e).
6. Turleiar skal, utover eiga utstyr, ha med fyrstehelpspakke inkl. turleiar sitt kriseark frå DNTG, kart og mobiltelefon.
7. Turleiar skal ved turens start gjera seg kjent med deltararane og gjeva ei generell orientering om turopplægget. Turleiar skal, så langt det let seg gjera, yurdere den enkelte deltarar sitt utstyr og fysiske/psykiske føresetnadar for å gjennomføre turen med omsyn til deltarar og gruppa si sikkerheit. Deltakar som heilt klart ikkje fyller dei krav turleiar meiner bør stillast for turen, kan nektast vidare deltaking.
8. Turleiar skal til ei kvar tid ha oversikt og vite kvar deltararane befinn seg. I dårleg vær, i vanskeleg terregn, og når turleiar finner det ynskjeleg, skal gruppa haldast samla. Deltakar som ikkje vil halde fram turen, kan returnere på eiga ansvar når turleiar finner det forsvarleg.
9. Turleiar skal kunne utføre fyrstehjelp ved ulykke. Dersom det offentlege hjelpeapparat skal koplast inn skal varslinga skje til nærmaste politimyndigkeit. Turleiar varslar deretter DNTG, fortrinnsvis dagleg leiari eller styreleiari. Henvendingar frå presse, pårørande og andre skal rettast til dagleg leiari i DNTG eller styreleiari.
10. Skrive turrapport og sende til anita.haugen@dnt.no seinast ei veke etter turen er gjennomført. Her skal evt. avvik også medlast.

DNT Gudbrandsdalen

